



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

SKULESTAD SKULE



21.02.2011 – 24.02.2011

Vurderingstema: Elevvurdering

Skulestad skule
Strandavegen 334
Skulestad skule
5710 Skulestadmo

Rektor: Inger Kirsten Fyrde
e-post: skulestad.skule@voss.kommune.no
Tlf.: 56 51 47 20



Innholdsliste:

1. Eit framtidsretta vedtak i Hardanger/Voss regionen
2. Fakta om skulen/vurderingstema
3. Vurdering
4. Glansbilde
5. Sterke sider
6. Utviklingsområde
7. Vidare arbeid

Vedlegg:

1. Deltakarar i vurderinga
2. Tidsplan
3. Metodar
4. Tomme malar som har vorte brukt i vurderinga



1 - Eit framtidsretta vedtak i Hardanger/Voss regionen

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering.

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Dette har i ettertid synt seg å vera eit svært så framtidsretta vedtak. Det vart utarbeidd ein modell for ekstern vurdering i regionen, og denne modellen har synt seg svært levedyktig og har spreidd seg til over 100 kommunar rundt om i heile landet.

Etter at me starta med ekstern vurdering for å betra kvaliteten i skulen, har det kome fleire meldingar frå sentrale styresmakter som understrekar kor viktig det er å ha system som etterspør og sikrar kvalitet i opplæringa, mellom anna i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Vidare kom St.meld. nr. 30. (2003-2004) "Kultur for læring", som var forløparen til ny læreplan, "Kunnskapsløftet" (2006).

Det synte seg då at Hardanger/Voss modellen var kjend heilt inn i Utdanningsdirektoratet, dei ville nytta vurderingsmodellen vår på skular rundt om i landet. Fleire av vurderarane i regionen har vore med i dette arbeidet, og vurdert store og små skular rundt om i heile landet, også vidaregåande skular.

Barnehagane i regionen vert også vurdert etter same modellen, der er det førskulelærarar som er vurderarar. Fleire regionar/kommunar ønskjer no opplæring i barnehagemodellen, noko Utdanningsdirektoratet støttar økonomisk.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd



Kven er vurderar?

12/14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 38 grunnskulane i regionen i løpet av 3 år, dvs. 12 skular pr år. To frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen.
- Vurderarane nyttar verktøy utvikla av Utdanningsdirektoratet, "Ståstedsanalysen" og "Elevundersøkelsen".
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av glansbilde, det vil sei kriterium på kvalitet og teikn på god praksis, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

På bakgrunn av dokumentanalyse, intervju med elevar og lærarar, møte med foreldre og observasjon på skulen skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men er eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med og utvikla til det betre på skulen.

Det har synt seg at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta i den eksterne vurderingsprosessen, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.

Skulevurdering





2 - Fakta om skulen og val av vurderingstema

Skulen ligg tett ved E16, ca. 3 km frå Voss sentrum på veg mot Vossestrand, og er den nest største barneskulen i kommunen. Skulen har eit stort og godt uteområde som er aktivt i bruk i fysisk aktivitet.

Rektor er Inger Kirsten Fyrde, tal tilsette 41 og av desse 27 pedagogisk personale, 10 assistentar og 4 anna personale.

Utviklingsmål for verksemda i eit 3-5 års perspektiv, 2009 - 2014

1. Skulestad skule skal ha eit godt tilrettelagt læringsmiljø der den einkilde elev får høve til læring og utvikling ut frå egne føresetnader.
2. Skulestad skule skal ta i bruk digital plattform i samsvar med målsetjingane i kommune og stat.
3. Systematisk arbeid for å skapa helsefremjande arbeidsmiljø for både born og vaksne som førebyggjer sjukdom og utstøying frå arbeidsliv.

Satsingsområde for dette året:

1. IKT- Ped IT
2. Lese- og læringsstrategiar
3. Læringsmiljø
4. Vurdering
5. Helsefremjande arbeidsmiljø

Skulestad skule sin visjon:

- ein trygg plass å vera
- ein god stad å læra

Skulen har starta opp arbeidet med satsingsområdet vurdering og dette er bakgrunnen for val av vurderingstema.



3 – Vurdering



4 - Glansbilete

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine eigne planar.


Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.

Tema: Elevvurdering

Vurderinga stimulerer til læring og utvikling	<ul style="list-style-type: none">- eleven er aktiv og tek medansvar i vurderingsprosessen- eleven veit kva som skal vurderast- eleven kjenner læringsmåla- eleven kan formulere eigne mål- elevvurdering er ein integrert del av lærings- og undervisningsprosessen- eleven kan vurdere eige arbeid
Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt	<ul style="list-style-type: none">- eleven får læringsretta tilbakemelding på arbeidet sitt- eleven får vita kva han må gjera for å



<p>Skulen har felles rutinar/system for vurdering</p> <p>Skulen er ein lærande organisasjon</p>	<p>verta betre</p> <ul style="list-style-type: none">- det vert gjennomført elevsamtalar og utviklingssamtalar- eleven får rettleiing undervegs i arbeidsprosessen- eleven får undervegsvurdering- vurdering vert brukt for å legge til rette for tilpassa opplæring- vurderinga vert brukt til å gje informasjon og for å fremje kontakt mellom skule og heim <p>- skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering</p> <ul style="list-style-type: none">- skulen informerer elevane og deira føresette om vurderingspraksisen ved skulen- elevar og foreldre er med på evaluering av vurderingspraksisen- vurderinga vert brukt for å dokumentere kompetanse- skulen har system for kartlegging og oppfølging av resultat <p>- det er lagt til rette for samarbeid for utvikling</p> <ul style="list-style-type: none">- det er lagt til rette for kunnskapsdeling/ metodedrøfting- personalet samarbeider om system og omgrep for vurdering- skulen vurderer jamleg verksemda si- lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i- det er open dialog mellom leiing og tilsette
---	--



5 - Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Det har vore ei kjekk oppleving å vera på Skulestad skule. Vurderarane har vore ønskt velkomne og møtt med velvilje heile vegen. Me ser ein rektor som er aktiv og tydeleg, og som er oppteken av å ha omsorg for elevane og for personalet sitt. Me opplever ein skule der tonen er god mellom rektor og personalet.

Vurderarane ser at lærarane har eit stort fokus på miljøet og korleis elevane har hatt dei i friminutta. Me observerer at det vert nytta ulike metodar for at elevane får uttrykkje seg om korleis dei har hatt det i friminutta.

Vurderinga stimulerer til læring og utvikling

- eleven er aktiv og tek medansvar i vurderingsprosessen
- eleven kjenner læringsmåla
- elevvurdering er ein integrert del av lærings- og undervisningsprosessen
- eleven kan vurdere eige arbeid

Skulestad skule
21.02.11 – 24.02.11



Gjennom vurderinga skal det verta enklare for eleven å nå dei måla som er sett i læreplanen. Det skal og vere lettare å vurdere kva som er best strategi vidare for å få ei best mogleg grad av måloppnåing. Sett frå elevane si side er det viktig å vite kva som er forventa at dei skal lære. Det betyr at måla må vera tydelege og lett tilgjengelege.

I samtale med elevane kom det fram at dei visste kor læringsmåla fanst. Noko lærarane stadfesta. Fredagstestane var med på å gjere elevane medvitne på læringsmåla og kva dei skulle lære. Vekeplanane har læringsmål, og såleis har foreldra høve til å gjere seg kjend med desse. Mange elevar fortel at foreldra spør kva dei har lært på skulen i dag og går gjennom læringsmåla saman med eleven. Det er tydleg at fokus på mål gjer at foreldra vert bevisste på kva elevane skal lære. Vurderarane såg fleire gode døme på presise og målbare mål.

I samtale med lærarane kjem det fram at somme gjennomgår læringsmåla på nytt. På den måten sikrar dei at elevane veit kva dei skal vurderast i. Elevane har eigevurderingsskjema på vekeplanen. Her skal elevane kryssa ut om dei har nådd læringsmålet for veka i dei einskilde faga. Elevane synest skjemaet er greitt. Men praktisering og gjennomføring er litt ulik i dei forskjellige klassane.

Kriterium: Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt

- eleven får læringsretta tilbakemelding på arbeidet sitt
- eleven får rettleiing undervegs i arbeidsprosessen
- eleven får undervegsvurdering
- eleven får vita kva han må gjera for å bli betre

Me finn at skulen har system for tilbakemelding, men at det blir noko ulikt brukt.

Gjennom observasjon i klasserommet har me sett lærarar som gir elevar munnleg tilbakemelding på arbeidet, noko som verkar motiverande for vidare arbeid. Lærarar som går rundt og hjelper til ved behov.

Elevane seier at dei får rettingar på arbeid dei gjer, og at dei får kommentarar i arbeidsbøkene. Vidare seier elevane at dei får munnleg tilbakemeldingar på korleis dei kan verta betre.

Foreldra seier at elevane får skriftlege kommentarar på arbeid dei gjer, men at det kan vera litt variasjon frå lærar til lærar korleis dette vert praktisert.



Lærarane seier at elevane får munnleg og skriftleg tilbakemelding på arbeidet sitt, og at det vert gitt munnleg undervegsvurdering til elevane. Både elevar og foreldre støttar opp om dette.

- det vert gjennomført elevsamtalar og utviklingsamtalar

Elevane seier at dei i ein elevsamtale snakkar om korleis dei har det sosialt og korleis det går i dei ulike fag. Skulen har rutine på å lage skriftleg vurdering til elevsamtalen haust og vår.

- vurdering vert brukt for å legge til rette for tilpassa opplæring

Nokon av lærarane seier at dei nyttar vurdering til å leggja opp for vidare undervisning. Dei nyttar resultat av prøvar som ei rettesnor for kva elevane treng meir undervisning i.

- vurderinga vert brukt til å gje informasjon, og for å fremje kontakt mellom skule og heim

Elevane seier at dei viser prøvane sine til foreldra. Foreldra seier at elevane får brev heim om resultat av prøvar og testar. Elevane har fredagstest, noko foreldra seier fungerer godt. Elevar og foreldre fortel om eigenvurderingsskjema som dei gjennomgår saman kvar torsdag.

Kriterium: Skulen har felles rutinar/system for vurdering

- skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering av elevvurdering*
- skulen informerer elevane og dei føresette om vurderingspraksisen ved skulen*
- vurderinga vert brukt for å dokumentere kompetanse*
- skulen har system for kartlegging og oppfølging av resultat*



Skulestad skule har eit system for kartlegging av elevane på alle trinn, og bruk av kartleggingsresultat som dokumentasjon av elevane si læringsutvikling.

Skulen nyttar også førebuingsskjema til samtale mellom elev – lærar - føresette. I samtalen vert lærar, elev og foreldre einige om mål fram til neste samtale. Desse målformuleringane vert tekne vare på av læraren. Foreldre seier at dei får informasjon om korleis elevane vert vurdert på foreldremøte.

Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon

- *det er lagt til rette for samarbeid for utvikling*
- *lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i*
- *det er open dialog mellom leiing og tilsette*

Skulen samarbeider i nettverk med andre skular der dei deler erfaringar. Dei har også avsett tid som kan nyttast til utviklingsarbeid.

Lærarar seier at dei har kompetanse i dei faga dei underviser i. Skulen har ei stor lærargruppe og klarar å dekkja dei ulike faga med den kompetansen dei har.

Lærarar og assistentar seier at dei har ein god dialog med rektor. Dei trekk fram at dei kan koma når dei vil og at dei vert høyrde. Ei god leiing er pilaren i eit godt læringsmiljø for ungane.



6 - Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet



Kriterium: Vurderinga stimulerer til læring og utvikling

- *eleven er aktiv og tek medansvar i vurderingsprosessen*
- *eleven veit kva som skal vurderast*
- *eleven kjenner læringsmåla*
- *eleven kan formulere eigne mål*
- *eleven kan vurdere eige arbeid*

Opplæringslova

- **§ 2-3.** *Innhald og vurdering i grunnskoleopplæringa*



” Elevane skal være aktivt med i opplæringa. Undervisningspersonalet skal tilrettelegga og gjennomføra opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova her.”

I skulekvardagen betyr medverknad å gi elevane høve til å delta i ulike sider ved tilrettelegginga av opplæringa. Det krev meir av både elevar og lærarar. Elevmedverknad handlar om å gjere elevane meir aktive i eigen læreprosess. Det handlar om å syta for at elevane har oversikt og kontroll over kva som skal lærast i bestemte periodar, kan vera med å påverka og om å læra av eigne erfaringar. Ein kan ikkje venta at å medverka er noko alle elevar kan den dagen dei startar på skulen, det må lærast!

Forskning viser at elevar som er aktive og medverkar er meir motiverte og at dei får betre tilpassa opplæring. Betre oversikt over eigen opplæringssituasjon fører til betre trivsel og betre resultat på skulen.

(Kompetanseberetningen 2004 og 2005, Skolen som lærende organisasjon)

Vekeplan/arbeidsplan er eit godt reidskap for lærarar, elevar og foreldre. Men ein del av dei eldre elevane ynskte meir fokus på måla utover i veka, slik at dei vart minna på kva dei skulle læra. Det vert då mindre ein ”gjere”-plan, men meir ein plan med fokus på kva du skal læra. Me finn eksempel på gode formuleringar og tydelege mål formulert som ”Eg kan...” som oppslag på veggane i dei ulike klasserom og på vekeplanane/arbeidsplanane. Desse eksempla kan vere gode døme å byggje vidare på i arbeidet med framovermelding.

Elevane var ikkje tydeleg på at dei fekk tilbakemelding på korleis dei kunne heva kompetansen sin og utvikla seg vidare. Ein del svara at dei måtte øva meir og gjera meir heima. Dersom me tenkjer på ein som skal verta god på ski, er det ikkje nok å seia at ein må øva. Du må samtidig seia noko om skiteknikk og kva utstyr som kan nyttast.

Elevane svara at det ikkje var alltid lærar fylgde opp resultat av fredagstesten. For at det skal vera læring i ein slik test, må det vera ei oppfylging med ein systematisk refleksjon og vurdering. Denne testen er eit godt utgangspunkt for at elevane kan ta denne refleksjonen.

Kriterium: Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt

- det vert gjennomført elevsamtalar og utviklingssamtalar
- eleven får læringsretta tilbakemelding på arbeidet sitt

Foreldra seier at dei ynskjer meir tilbakemelding på leksearbeid på alle årstrinn. Dette er kanskje noko lærarane bør arbeida meir med, å gje ei fullstendig vurdering på ein del arbeid. Ikkje berre -fint og -flott, men ei meir grundig framovermelding som inneheld noko om kva som er bra og kva som må utviklast og gjerast betre.



Gjennom samtalar med elevar, tilsette og foreldre kjem det fram at elevsamtalen fungerer godt. Me såg lærarar som gav munnlege undervegsvurderingar i klasserommet. Like viktig er det å vera konstruktiv når ein gir framovermelding til elevane. Då kan ein gi heilt konkretet råd om korleis ein kan heva kompetansen sin. Me såg lite til dette i bøkene til elevane, kommentarane var vanlegvis "flott, bra, fint". Dette samsvarar med kva elevane sjølve sa.

Når det gjeld utviklingssamtalen må lærarane i samarbeid med leiing arbeida for å få på plass. For å få den naturleg inn i undervisninga kan ein nytta ulike måtar å organisera undervisninga på. Ein måte kan vera stasjonsundervisning.

Stasjonsundervisning

Mange er kjent med den såkalla "Nylundsmodellen" for lese og skriveutvikling. Modellen bygger på de australske Early Years Litteracy og Early Years Numeracy programmene (EYLP og EYNP). Systematisk stasjonsundervisning gjer det enklare å drive variert, praktisk og problemløysande undervisning. Elevane får også setje ord på og diskutere faget på en heilt annan måte enn i tradisjonell klasseromsundervisning.

I utgangspunktet går stasjonane me brukar over ein dobbelttime (1,5 klokke). Dei yngste har seks stasjonar kvar gong, og kvar stasjon varer 12-15 minutt. Det kan varierast etter behov og alder slik at aldersgruppene får passe lange arbeidsøktar. Økta startar med ei felles samling der tema og læringsmål vert diskutert i 5-10 minutt. Etter at stasjonane er ferdige, har me ei felles oppsummerande refleksjonssamtale med fokus på kva elevane har lært. Systemet er fleksibelt, og enkelt å variere etter kva ein til ei kvar tid ynskjer å oppnå. Dei seks basisstasjonene kan vera : lærarstasjon, oppgåvestasjon, digital stasjon, lesestasjon, skrivestasjon, repetisjonsstasjon.

Lærarstyrte stasjon er i ein særstilling. Her kan læraren nytta tida til å diskutera med enkeltelevar, og kan på den måten få innsikt i eleven sin forståing av faget. Læreren har her moglegheit til å oppdaga eventuelle misforståingar og veileda og støtta eleven i vidare læring. Det er kun på lærerstationen elevane arbeider saman med lærar. På dei andre stasjonene arbeider elevgruppa sjølvstendig, og hjelper kvarandre. Dei aller fleste elevene klarer dette bra, kanskje fordi stasjonssirkelen er trygg og forutsigbar, at oppgåvene er individuelt tilpassa og at elevane får reise seg og flytte på seg med jamne mellomrom.

Stasjonsundervisning fungerer som sagt som eit reidskap for å gje elevane individuelt tilpasset undervisning. Enktelevene vert tydelegere i stasjonsundervisning. Dette gjer det enklare å identifisera elevane sine sterke og svake sider. Det er mykje lettare å oppdaga kva den enkelte elev treng meir oppfyljing på. Dette kan vera ein undervisningsmodell som gjer



det mogleg å kombinera Kunnskapsløftet sine krav på ein måte som gir trivsel, meistring og ikkje minst gode resultat både for elevar og lærarar.

Kriterium: Skulen har felles rutinar/system for vurdering

- skulen har system og rutinar for arkivering for elevvurdering
- vurderinga vert brukt for å dokumentera kompetanse
- skulen har system for kartlegging og oppfyljing av resultat

Kunnskapsløftet er ein målrelatert læreplan med fokus på kunnskapsmål som skal brytast ned til konkrete læringsmål, og fokus skal vera på kva eleven kan. Denne planen krev endring i måten å tenkje på både hjå lærarar, elevar og foreldre. Lærarane ved skulen er komne eit godt stykke på veg i dette arbeidet.

Skulen har eit system for kartlegging. Når det gjeld system og rutinar for dokumentasjon og arkivering av elevvurdering har mange lærarar utarbeidd eigne system for dette. Nokre var usikre på om skulen har eit fast system for dette, og var usikre på kva som skulle arkiverast.

Dersom system for arkivering er på plass, må det gjerast tydeleg for alle korleis systemet er, og leiinga på skulen må sjå til at alle er informert og praktiserer felles rutinar.

For å auka læringsutbyttet til norske elevar har Stortinget gjennom Stortingsmelding 31, "Kvalitet i skolen", lagt ein del føringar.

For å forsterka tidleg innsats er det innført kartleggingsprøvar kvart år på dei tre første trinna i barneskulen.

Departementet vil:

"Det er ein føresetnad at skular/skuleeigar er kjend med og drøftar resultat av desse prøvane. Det er då ein føresetnad at skulen /kommunen har faste reglar for korleis dette skal gjerast. Dette må koma på plass og gjort kjend for alle som på skulen."

Kartleggingsprøvar er bortkasta om ein ikkje fylgjer opp resultatata.

Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon

- det er lagt til rette for kunnskapsdeling/metodedrøfting



- det er lagt til rette for samarbeid for utvikling

Skulestad skule har hatt elevvurdering som satsingsområde, og er godt i gang med arbeidet. Nokre lærarar etterlyste meir tid til tilrettelegging for samarbeid på teama. Dette kunne ha styrka temaet elevvurdering i vidare arbeid.

Både lærarar og assistentar etterlyser fastsett tid til samarbeid. Lærarane uttrykkjer at innhaldet i fellestida ikkje alltid vert opplevd som like nyttig for alle. Her må rektor, gjerne saman med representantar frå ulike team gjera eit grep som fører til at fellestida i større grad vert nytta til erfaringsdeling og kvardagslæring.

Me viser til udir sine nettsider om Vurdeing for læring. Her finn de mykje godt stoff om vurdering og filmsnyttar frå praksis.
<http://www.skolenettet.no/Moduler/Vurdering/Templates/Pages/StartPage.aspx?id=64600&epslanguage=NO>

7 - Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss, 24.02.2011

Namn vurderar

Namn vurderar



Vedlegg 1

Interne deltakarar: Personalgruppa på skulen, elevar og føresette.
Vi intervjuar alle lærarane og 3 assistentar, 59 av dei 183 elevane.
Til foreldremøte møtte FAU og vararepresentantar.

Eksterne deltakarar: Evelyn S.Haustveit og Janne Brurok.

Grunngjeving for val av informantar:

Me ville at flest mogleg av dei impliserte i skulen skulle kjenna at dette temaet vedkjem alle.

Vedlegg 2

TIDSPLAN FOR VURDERING AV SKULESTAD SKULE

Vurderingstema: Elevvurdering

Vurderingspar: Evelyn S. Haustveit og Janne Brurok

Tid	Tiltak	Ansvar
Desember 2010	Skulen melder inn vurderingstema	Skulen
13.januar 2011	Møte mellom vurderingsgruppa og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av vurderingsområde. Vurderingsgruppa får planar og anna relevant informasjon frå skulen på dette møtet	Vurderarane og skulen
13.januar 17.januar	Skulen får "Teikn på god praksis" Skulen får endeleg tilbakemelding på glansbilde.	Vurderarane
	Skulen melder endringsframlegg attende til vurderarane	Skulen
1.februar	Utarbeiding av samtaleguidar	Vurderarane
	Vurderingsveka: 21.-24. Måndag 21.februar Samtale med rektor kl.8.15 Observasjon i 5a.klasse. Observasjon i 3a.klasse. Samtale med elevar i 5a. Samtale med elevar i 3b. Samtale med elevar i 6.kl. Observasjon i 1.kl.	Skulen syter for at vurderarane har tilgang til eit fast samtalerom.

Skulestad skule
21.02.11 – 24.02.11



	<p>Samtale med elevar i 1.kl. Samtale med assistentar.</p> <p>Foreldremøte kl 19.00</p> <p>Tirsdag 22. februar Observasjon i 7a. Observasjon i 7b. Samtale med elevar i 7a. Samtale med elevar i 7b. Observasjon i 4.kl. Observasjon i 2.kl. Samtale med elevar i 4.kl. Samtale med elevar i 2.kl. Samtale med lærarar i 1.-4.kl. Samtale med lærarar i 5.-7.kl</p> <p>Onsdag 23.februar Observasjon i 3a. Observasjon i 5b. Samtale med elevar i 5b. Observasjon i 6.kl.</p> <p>Analyse og vurdering Vurderarane arbeider med informasjonsdata ettermiddag og kveld.</p> <p>Torsdag 24.februar Framlegging av rapport til rektor kl 12.30</p> <p>Fellesmøte mellom personalet, representant for skuleeigar og vurderarane for framlegging av rapport kl 14.00 – 15.00</p>	<p>Rektor set opp grupper med tilsette for intervju, slik at undervisninga kan gå.</p> <p>Vurderarane</p>
--	--	---

Vedlegg 3

Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, heile elevrådet osv.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar,

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i LK-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar og assistentar. Elevane som vart intervjuva vart valt ut tilfeldig etter nummer i klasselista.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane og vararepresentantane ved skulen.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor danner grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i alle klassane.

Vedlegg 4

Samtaleguider for elevar, føresatte/foreldre og tilsette

Tema: Elevvurdering

Dette sa elevane

Vurderinga stimulerer til læring og utvikling	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kjenner de læringsmåla?• Korleis veit de kva som vert vurdert?• Lærer de noko av dei vurderingane de får?
--	--

Skulestad skule

21.02.11 – 24.02.11



	<ul style="list-style-type: none">• Korleis vurderer de eige arbeid?
Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt	<ul style="list-style-type: none">• Korleis får de tilbakemelding på det arbeidet de gjer?• Korleis får de vita kva de skal gjera for å verta betre?• Fortel om elevsamtalen.• Korleis kjenner foreldra/føresette måla og vurderingane dine
Skulen har felles rutinar/system for vurdering	<ul style="list-style-type: none">• Korleis påverkar vurderinga arbeidet ditt• Arbeider de med ulike læringsstrategiar• Sei noko om korleis de lærer best
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">• Kva er ein god lærar?

Dette sa dei tilsette

Vurderinga stimulerer til læring og utvikling	<ul style="list-style-type: none">• Korleis tek elevane aktivt del i vurderingsprosessen -• Korleis veit elevane kva som skal vurderast -• Korleis er vurdering ein del av lærings- og undervisningsprosessen -• Korleis kjenner eleven læringsmåla -• Kan elevane formulere eigne mål -
--	---



Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt	<ul style="list-style-type: none">● Korleis får elevane læringsretta tilbakemeldingar på arbeidet sitt -● Vert det gjennomført elevsamtalar og utviklingssamtalar -● Korleis vert vurderinga brukt for å tilpassa opplæringa -● Korleis vert vurderinga brukt for å informera heimen om utviklinga -● Kva gjer de for å få elevane til å forstå korleis dei lærer best -
Skulen har felles rutinar/system for vurdering	<ul style="list-style-type: none">● Kva slags system og rutinar har skulen for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering -● Korleis drøftar de vurderingspraksisen med elevar og foreldre -● Har skulen eit system for oppfølging av kartleggingsprøvar og testar -
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">● Korleis er det lagt til rette for samarbeid og utvikling ved skulen -● Korleis samarbeider personalet om system og omgrep for vurdering -● Vurderer skulen jamleg verksemda -● Har lærarane kompetanse i dei faga dei underviser i -● Er det open dialog mellom leiing og tilsette -



Dette sa foreldra

Vurderinga stimulerer til læring og utvikling	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kjenner foreldre og elevar læringsmåla?• Korleis veit elevar og føresette kva som skal vurderast? -
Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt	<ul style="list-style-type: none">• Er tilbakemeldingane frå lærar slik at de kan sjå kva eleven skal gjera for å verta betre?• Kva tilbakemeldingar på eleven sitt arbeid får de sjå? -
Skulen har felles rutinar/system for vurdering	<ul style="list-style-type: none">• Kva informasjon får de om korleis skulen vurderer elevane si læring? -
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">• Kva er positivt ved Skulestad skule?• Kva kan skulen bli betre på?• Kva kan foreldra bli betre på?



Dette sa assistentane

Vurderinga stimulerer til læring og utvikling	<ul style="list-style-type: none">• Korleis er vurdering ein del av lærings- og undervisningsprosessen• Korleis kjenner eleven læringsmåla• Kan elevane formulere eigne mål
Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt	<ul style="list-style-type: none">• Korleis får elevane læringsretta tilbakemeldingar på arbeidet sitt• Vert det gjennomført elevsamtalar og utviklingssamtalar• Korleis vert vurderinga brukt for å informera heimen om utviklinga• Kva gjer de for å få elevane til å forstå korleis dei lærer best
Skulen har felles rutinar/system for vurdering	<ul style="list-style-type: none">• Kor ofte har assistent og kontaktlærer planlagt samtale om eleven?
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">• Korleis er det lagt til rette for samarbeid og utvikling ved skulen?• Er det open dialog mellom leiing og tilsette?